

I denne spalten presenteres tidligere publiserte artikler, mange av dem fra Tidsskriftet. Artiklene er utvalgt og blir introdusert av Ole Didrik Lærum.



Er forskningen nyttig?

«Fantasi er vel så viktig som kunnskaper,» skal Albert Einstein ha sagt. Forfatteren av artikkelen som presenteres under, må sies å inneha begge deler.

Politikere liker å si at vi lever i et kunnskapssamfunn. I de store talene på de store dagene er det ikke grenser for hvor viktig forskningen er. Men, det er alltid et men: Vi kan ikke drive og forske uten grenser. Forskningen må være poengtert og tjene samfunnet, ikke minst må det komme noe nyttig ut av den. Mot det synet protesterer tallrike forskere, for mange av de virkelige innovasjonene kommer fra den grunnleggende forskningen som i starten tilsynelatende var helt unyttig. Dessuten har såkalt nytterelatert forskning lett for å bli kortsiktig og overfladisk, og mange slike prosjekt ender med ingenting.

Desto større glede var det å lese en artikkel som Arvid Vatle presenterte i Tidsskriftet i 1999 under tittelen *Unyttig om urinprøver*. Med eleganse og vide kunnskaper harselerer han over kravene til nytte i forskningsprosjekter. Dessuten forlanger han at artikkelen overhodet ikke skal være meritterende for forfatteren i noe som helst fag. Like fullt skaffet den ham den prestisjetunge Ig-nobelprisen fra Harvard University (se forrige Kuriosa-artikkel). De hadde tydeligvis sett lyset. Og Vatles artikkel publiseres nå på nytt som en klassiker innen norsk medisin.

Arvid Vatle er født i 1938. Han vokste opp på Voss og studerte medisin i Berlin. Etter klinisk tjeneste ved forskjellige sykehusavdelinger, bl.a. på Rikshospitalet i Oslo og innen nevrologi i Jerusalem, var han en tid vitenskapelig assistent i medisinsk historie ved universitetet i Bonn. Han tok den medisinske doktorgraden ved universitetet i Würzburg i 1981, på en avhandling om norske legers reiseinntrykk fra Tyskland på 1800-

tallet (1). Siden har han arbeidet innen allmennmedisin og bedriftsmedisin, bl.a. i Finnøy, i Seljord og på Stord. I flere år var han bedriftslege i Leirvik på Stord, så allmennlege i Sagvåg – inntil han ble pensjonist for noen år siden.

Arvid Vatle er en høyt respektert allmennlege med vide kulturelle og faglige interesser. Foruten artikler innen medisinsk historie og arbeidsmedisin har han altså kastet seg over noe så praktisk og så mye brukt, men samtidig så spesielt som uringlass. Med det viser han seg som en verdig vinner av Ig-nobelprisen. Som han selv skriver er studien utført av «... eit leikande menneske, ein homo ludens som innser det unyttige i slike nyttelause studiar».

Ole Didrik Lærum
ole.laerum@gades.uib.no

Ole Didrik Lærum (f. 1940) er professor (adj.) ved Københavns Universitet og professor emeritus ved Universitetet i Bergen.

Oppgitte interessekonflikter: For at det ikke skal oppstå misforståelser kan det opplyses at Ole Didrik Lærum og Arvid Vatle spilte sammen i Voss Gutemusikklag (seinere Voss Skulemusikklag) på henholdsvis trompet og kornett tidlig i 1950-årene. De deltok bl.a. sammen på korpsets turné til Malung i Sverige i 1953.

Litteratur

1. Vatle HA. Deutsche Reiseindrücke Norwegischer Ärzte 1839–1868. Doktoravhandling. Würzburg: Institut für Geschichte der Medizin, 1981.

Unyttig om urinprøver

Vatle A. Unyttig om urinprøver. Tidsskr Nor Lægeforen 1999; 119: 1178–9.

Forfatteren har i løpet av 12 måneder registrert typen av emballasje som pasientene har bringa urinprøvene til hans allmennpraksis i. Artikkelen gjer ikkje krav på originalitet, og forfatteren ønskjer heller ikkje at han skal bli vurdert meritterande i noko fag. Men arbeidet har vore til stor glede for forfatteren.

Uroskopi, alkymi og astrologi var tre hovudfundament i medisinsk diagnostikk gjennom mesteparten av mellomalderen. Urinen var rett nok ikkje ei av dei fire klassiske kroppsvæskene i humoralpatologien, men like vel vart urinprøver bringa til lækjaren, som vurderte mellom anna farge og sediment.

Urindiagnostikk i vår tid baserer seg på heilt andre prinsipp enn i mellomalderen. Ved hjelp av ulike dyppestrimmelmetodar får vi på under eit minutt viktig informasjon om kroppen sin tilstand.

Emballasjen

Nå som før må urinen samlast i ein behaldar før den vert presentert for lækjaren. Behaldaren må vere godt reingjort og ikkje innehalde element som kan verke inn på analyseresultatet. Bortsett fra det representerer urinprøvebeholdaren eit rikt spektrum av ulike former og storleikar. Folk flest har rik fantasi på dette området.

I sjukehus, institusjonar og etter kvart også i allmennpraksis går dette interessante aspek-

tet etter kvart tapt av di sterile spesialglas som apotekaren sel har overtatt. Det er difor medisinhistorisk viktig å få registrert flest mogleg av ulike typar urinprøvebeholdarar fra folkedjupet før denne sida av medisinsk praksis går tapt.

Det unyttige ...

Av ein eller annan grunn har eg alltid interessert meg for det unyttige. Denne gongen gjeld det altså kva folk bringar urinprøvene sine i når dei kjem til primærlækjaren.

Det er nyttig å ha noko føremålstenleg tett og høveleg stort å ta med den sjølvproduserte gule væska i, men det er jo ganske unyttig slik som dette å prøve å skrive ein artikkel om emnet.

I perioden mai 1997 – mai 1998 engasjerte eg meg i følgjande, totalt nyttelause studie: eg registrerte 164 urinprøvebeholdarar med ein variasjon på 110 ulike av dei (tab 1).

Einaste kriterium for seleksjonen var at urinprøva vart levert i ein emballasje som ikkje var av den ferdigkjøpte, sterile typen.

Det viste seg at det ikkje tydde noko for urinalysen om prøva var på ei halvliters Cola-flaske eller på eit tomatpuréglas, for emballasjen var alltid svært godt reingjort.

Artikkelen er ikkje meint å vere medisin-historisk, med linjer fra den epoken sin uro-skopi. Nei, han er rett og slett skriven i stor glede over å oppleve dei mest ulike former for behaldarar.

Avføringsprøver fell utanfor denne studien. Før Hemofec-epoken kunne desse bli bringa i alt fra fyrstikkesker og globoidesker til langt meir voluminøse behaldarar.

Det er naturlegvis viktig å unngå djupsindige tolkingar om kvifor den og den emballasjen blir vald.

Når ein pensjonert bedriftsleiar to gonger bringar urinprøver i flasker med etikettane Bells Old Scotch Whisky og Koskenkorva vodka, må ein halde seg stramt i taumane: ein slik observasjon treng ikkje tyde at personen har fått eller alltid har hatt hang til flaska. Det treng såleis ikkje vere eit ordlaust rop om hjelp!

Det treng heller ikkje vere ein demonstrasjon mot helsevesenet sine åtvaringar mot alkohol og andre nyttingsmiddel. Det kan vere reine slumpen at den pensjonerte bedriftsleieren to gonger valde slik emballasje.

Det same må hevdast for emballasje som har innehalde Q10, purpursolhatt eller vitamin E.

Viktige signal?

Eller er dette kanskje likevel signal som er verd å leggje merke til? Vil nokon meddele noko når dei bringar urinprøver i glas som til dømes har innehalde antidepressiv?

Men slike funderingar er nytte- og ansvars-lause og sømer seg neppe for ein seriøs studie.

Vi skal heller ikkje leggje for mykje vekt på at urinprøver blir tekne med i parfymeglas med mikroskopisk opning. Det kunne slå urettvist ut mot produsenten, altså av urinprøva, ikkje av parfymen.

Påhitta er til tider mange. Til dømes er det ikkje alle som kunne makte å fjerne kula i ein Mums Roll On deodorant og erstatte deodorantinnhaldet med ein malodorant.



A Doctor Casting a Patient's Water. Circle of Adriaen van Ostade, c. 1660. Oil on panel. Shakespeare Birthplace Trust collections at Hall's Croft, Stratford-upon-Avon

Tine-meieriet sine Lett Rømme-pakningar krev godt med Rema-posar kring seg dersom prøva skal kome velberga fram.

Litt interessant er det når ei prøve anno 1997 blir bringa i ei flaske som hadde innehalde «Borvann 2 % til omslag. Anvendes før 5–85».

Den mørkøygd øybuen

«Har du kanskje urinprøve med deg?» spør lækjaren ein mørkøygd øybu i 30-årsalderen. Han seier ingenting der han sit framfor meg på andre sida av bordet. Så luter han hovudet framover, fester blikket sitt fast og intenst mot mitt, dreg munnvikene nedover og let høgre hand som i ein gamaldags westernfilm gli langsamt inn i venstre innerlomma på jakka si. Heldigvis dreg han ikkje fram ein seksløpar, men ei urinprøve på ei Fanta-flaske. På det stadiet hever begge munnvikene seg til eit smil og vi slappar begge av.

Den sigrande emballasjen

Den overlegent mest brukte emballasjen for urinprøver til mitt sunnhordlandske kontor var Stavlands tomatpuré. Dette tyder neppe at konsumpsjon av Stavlands tomatpuré aukar

behovet for urinprøvekontroll. I det heile tillet det neppe noka anna slutning enn at dette produktet er mykje brukt på våre kantar.

Delikat Appetittsild 270 g kom som ein god nummer to, rett nok med under halvparten av frekvensen til Stavlands tomatpuré. Stavlands ekte lynghonning og Galla Tomatpuré kom begge på delt tredjeplass, saman med hydrogenperoksid og Nestlé's barnemat.



Tabell 1 Typar av urinemballasje, alfabetisk

	Antall		Antall
Afi-B6 40 mg 100 tabl.	1	Nestlé's barnemat fra 8 måneder	3
Afi-C 250 mg	2	Nestlé's barnemat fra 12 måneder	2
Albyl-160 mg	3	Nestlé sjokonøtt. Nøttesjokoladepålegg i papp	1
Androxon 40 mg caps.	1	Nitroglycerin 0,5 mg	2
Apocillin 660 mg	3	Nora ripsgelé	1
Asbach Uralt miniflaske	1	Nordkrona Chilipulver	1
Bactrim tabl. No. 20	1	Normorix mite	1
Bells Old Scotch Whisky (neste gong: Koskenkorva finsk vodka)	1	Noscapin 50 mg Hostedempende	1
Bergensk Brystbalsam	2	Novid brusetabletter 10	1
Borvann 20 % til omslag, anvendes før 5–85	1	Nyco fruktsaft	1
Brufen 600 mg	1	Olden naturlig mineralvann m. kullsyre 0,5 liter	1
Calcigran tyggetabl. 500 mg	1	Omega-3 konsentrert fiskeolje i naturlig form. 100 kapsler	1
Coca-Cola 0,5 l	2	Oxeladin mikstur, slimløsende, hostedempende	1
Coca-Cola Light 0,5 l	1	Paralgin forte	1
Collett C-Max tabl.	3	Pectamol hostemikstur	1
Clearasil. Medicated Lotion for greasy skin 150 ml	1	Plommesyltetøy (heimelaga)	1
Cosylan	1	Pyrisept	1
Delikat Appetittsild 270 g	8	Quick up eplesquash uten sukker	1
Diflonid 500 mg	2	Recycled glass. Hand made in Spain (Barnepynteglas)	1
Duroferon Duretter	2	Rigabalsam og honning, mikstur	2
Eckinagard purpursolhatt, naturlegemiddel	1	Rivotril 0,5 mg 150 tbl.	1
Eggbit gaffelbiter	1	Røkt seifilet, A/S Westsild	1
Eucalyptushonning. Mikstur. Ved heshet og forkjølelse	1	Salbuvent inhalasjonsvæske 5 mg/ml	2
Fanta med appelsinsmak	1	Santa Maria grillkrydder	1
Ferro-Retard 100 mg	1	Sinemet Mite 10/100	2
Fiskemannen Store Reker 385 g	1	Skin Renew Cream 24 hours, 60 ml	1
Flux 0,5 mg sugetabletter 100	1	Slank TM-fiber. Kosttilskudd	1
Fontex 20 mg 100 kapsler	1	Solo appelsinbrus	1
Fruitopia	1	Sorbangil 20 mg	1
Galla Tomatpuré	3	Stavlands tomatpuré	17
Gastrobitan 400 mg tabl.	1	Stavlands lynghonning	3
Grimstad Pizzasaus	1	Stesolid 5 mg 25 tbl.	1
Gjäst B-6 (svensk)	1	Surmontil 10 mg	1
HAPÅ Nestlé	2	Surmontil 25 mg	1
Hedleys peppermix (produsert i Tyskland)	1	TAB. Full Cola Taste. No Sugar	1
Hemofer tabl.	1	Tab – Let prosan Kapsler. For større velvære. Lecithin, eplecidereddik, tangmel, hvetekimolje. Mot treg mage	1
Hindu kanel	1	Taco-saus. Cara Fiesta	1
Hydrogenperoxid 3 % 100 ml	3	Tinctura aloes zeduarica composita	1
Kalium Duretter	1	Tine lettrømme 3 dl	2
Kamferdråper 25 ml	1	Toilax 5 mg	1
Kloramfenikol øyendråper	1	Tom & Jerry. Brus med tropic smak	1
Knall-tilbud. Ferske pillede reker i lake	1	Tonique douceur. Lancôme, Paris	1
Landlord Bringebær. Lett syltetøy 620 g	1	Trandate 400 mg 100 tabl.	1
Lasix 40 mg tabl. 100	1	Trimonil retard	1
Lerums solbærsyltetøy	1	Tuxi mikstur 100 ml	2
Maggi (Klikkelyden garanterer uåpnet glass)	1	Tysk dressing	1
Marevan tabletter	1	Ubiquinon Natural Q10	1
Megafood Food State. Jern med molybden 5 mg	1	Vitamineral Dumex	2
Mills Peanut Butter. Grov type	1	Vitaplex A + B + C + D	1
Mogadon tabletter	1	Vitaplex B	2
Mozell fruktdrikk med råsaft fra naturen	1	Vitaplex hvitløk luktfri	2
MUM – deodorant (utan kule)	1	Vitaplex magnesium	2
Möllers Dobbel Omega 3 + ADE	1	Weifapenin 650 mg	1
Nature Sunshine Matrem (En velkjent, tradisjonell urt mot migrene og problem i ledd og beinstruktur)	1	Zinc Chelated tablets	1
		Zinkvita – Cederroth A/S	1
		Addendum: Koskenkorva finsk vodka	1

Blant andre gamle kjenningar kom Rigabalsam og honning, Solo appelsinbrus og kamferdråpar.

Konklusjon

Dette er ingen seriøs studie som tek sikte på å føre vitenskapen framover og merittere i noko fag, korkje urologi, psykiatri, folke-minnevitskap, psykiatri, sosiologi eller marknadsføring.

Han er utført over eit år av eit, tillat meg, leikande menneske, ein homo ludens, som innser det unyttige i slike nyttelause studiar.

Kan det unyttige vere nyttig?

Det mest alvorlege ved det heile er at forfattaren meiner at stundom er det unyttige nyttig, om ikkje for anna enn for å stimulere musculus risorius bilateralt.

Men som ein seriøs avslutning bør det slåast fast at vidare forskning er nødvendig for å kartlegge eventuelle geografiske skilnader i det nasjonale forbruket av urin-prøveemballasje av ulikt fabrikkat.

Arvid Vatle

Gillarheim Legekontor
Sagvågvegen 210
5410 Sagvåg